



KONTROLLUTVALET FOR MODALEN KOMMUNE

SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 11. mai 2016
Stad: Konferansesalen
Kl.: 09.00 – 11.00
Tilstade: Knut Moe (leiar), Sigmund Vikane (nestleiar) og Trude Langedal (medlem)
Innkalla: Ordfører Tom Kristian Thorsen, rådmann Øivind Olsnes og økonomisjef Magne Verpelstad (til sak 12/16)
Revisjon: Sigrun Tjore
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall:

.....

12/16 Uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga 2015

Saksvedlegg: Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsrapport nr. 11 og revisjonsmelding.

Rådmannen og økonomisjefen møtte i denne saka.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2015, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

Samrøystes vedtak:

Med tilvising til det som her er nemnd vedtok Kontrollutvalet å gi slik uttale til kommunestyret om Modalen kommune sin årsrekneskap for 2015:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Modalen kommune for 2015. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen samt revisjonsmelding for 2015 og revisjonsrapport nr. 11.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Rekneskapen for 2015 syner eit netto driftsresultat på 7,2 mill. kr. Det er ei auke på 7% frå 2014 og utgjør 8,1 % av brutto driftsinntekter. Modalen kommune har lenge hatt eit godt driftsresultat, noko som er viktig for å kunne ha tilstrekkeleg økonomisk handlefridom. Dette er også peika på i årsmeldinga. Driftsutgiftene auka med 2 % i 2015, mens driftsinntektene auka med 1 %. Lønnsutgiftene utanom pensjon og arbeidsgjevaravgift har i 2015 auka med 6 %.

Skjema 1B syner forbruket på dei områda som kommunestyret har løyvd midlar til. Alle områda, bortsett frå skule, har eit lågare forbruk enn budsjettert. Rekneskapsmessig mindreforbruk er 2,8 mill. kr. Avvika på dei einskilde områda er gjort greie for i årsmeldinga, slik det er krav om i forskrift om årsrekneskap § 10.

Lønnsutgiftene utgjør ein stor del av kommunen sine utgifter. Kontrollutvalet ser det som positivt at årsmeldinga har med statistikk om sjukefråveret og omtalar HMS-

arbeidet. Sjukefråveret har gått noko ned i 2015, men er framleis relativt høgt på 7,6 %.

Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen og arbeidet med å sikre ein høg etisk standard. Dette er gjort godt greie for i årsmeldinga.

Kontrollutvalet ser det som positivt at rådmann er oppteken av å ha gode rutinar og retningslinjer. Både årsmeldinga og årsrekneskapet oppfattast som ryddig og med god og nyttig informasjon.

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet har merka seg revisjonen sin kommentarar, som peika på blant anna:


- Arbeidsdeling på likvidområdet
- Krav til notar i rekneskapen

Revisjonsrapport nr. 11 vert lagt ved møteutskrifta.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 04.05.2016 og revisjonsrapport nr 11 datert 04.05.2016, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Modalen kommune for 2015.

Neste møtet i kontrollutvalet er 28. september kl. 09.00.

Modalen, 11.04.2016



Knut Moe/leiar



Tonje Husum Aarland
Tonje Husum Aarland/sekretær